



Skulekorpsa frå Uskedalen og Rosendal fotografert i Grieghallen under Hordablæsten. Musikalsk leiar er Tor Skeie Olsen.

Skulekorpsa i Uskedalen og i Rosendal var i helga i Bergen på Hordablæsten. Det er andre gongen det felles skulekorpset frå Kvinnherad er med i denne korpskonkurransen i Grieghallen. Nils Rainer Vågen og Maren Røyrvik deltok også i solistkonkurransen. Tor Skeie Olsen er musikalsk leiar. Les kva Monica Hermann skriv frå turen

Det var ein nøgd gjeng som kom heim frå Bergen seint søndag kveld etter ei strålende kjekk helg i Bergen! Dette var den andre gongen skulekorpsa i Uskedal og Rosendal deltok som felles korps i Hordablæsten, ein konkurranse for skulekorps, ensemble og solistar, og denne gongen var det Tor Skeie Olsen som hadde ansvar for det musikalske.

I tillegg til felleskorpset Rosendal/Uskedal deltok Nils Rainer Vågen frå Uskedalen og Maren Røyrvik Grøtte frå Rosendal i solistkonkurransen. Både korps og solistar gjorde ein framifrå innsats og fekk med seg rosande ord frå dommarane.

I tillegg til flotte prestasjonar på scenen i Grieghallen var også det sosiale av svært høg kvalitet. Særleg imponerte dei eldste musikantane med sin inkluderande veremåte og måten dei tok vare på dei yngste musikantane som var på sin første korpstur.

Tusen takk til bussjåfør Leif Jarle Bergstø som køyrde oss til Bergen og heim igjen på dugnad og tusen takk også til Anja Strüter for flott organisering.

Tekst/foto: Monica
Hermann
Nett: Kristian Bringedal